



Endringar etter arbeidsmøte 03.03.25


Til høyring

Etter innsendt høyringsuttale (datert 05.02.25) ba tiltakshavar om eit arbeidsmøte med administrasjonen. Følgjande notat tek føre seg endringane som me blei samde i under møtet (03.03.25), og er i tråd med referat frå møte, vedlegg 1 (internt notat).


Endring av tilkomst for tomt 11-5, 11-6 og 11-7

Ved å regulere inn veg mellom tomt 11-6 og 7 vil ein sikre betre tilkomst for alle dei tre tomtene. Tomt 11-7 kan med fordel få tilkomst frå aust og får difor ei pil frå SKV7. Den er før endring ei planeringshøgde på 837, noko som vurderast å vera veldig lågt. Ein kan med fordel auke planeringshøgde på tomten for å sikre betre tilkomst. I forhold til planeringshøgde på dei omkringliggande tomtene vil dei ligge trappevis i terrenget. Avkøyringspilar utgår. Eigedomsgrensa mellom 11-6 og 11-5 treng ikkje opphevast og endrast. Det regulerast inn frisktlinjer.

I føresegner endrar ein planeringshøgde til tomt 11-7 i tabell i §5.1.2 g)




Før




Etter

**BKF1**

BKF1 endrast til frittliggande og regulerast som ein storteig som skal planleggast heilskapleg. Tomtene 14-1,2 og 3 utgår og arealet tilleggast storteigen, BFF21. Dei tre sistnemnte tomtene har før endring tilkomst frå aust. På grunn av høgdeforskjellar vil ein ved å innlemme areala i storteigen få sikra betre tilkomst. BFF21 er på 6.1 daa.



Før



Etter

I føresegner oppdaterer ein endringane i BFF14 og BFF21 får nye føresegner. Tomt 14-1, 14-2 og 14-3 utgår fram tabellen i §5.1.2 g).

§5.1.4 Fritidsbusetnad – frittliggande, BFF21 ~~blokk~~, BKF1.


- I teigen BFF21 kan det byggjast frittliggjande fritidsbustadar innanfor eit samla BYA på 1120 m². Teigen skal ha 5-14 einingar, fordela på minimum 5 bygningar. Det kan vere fleire einingar i kvar bygningskropp. Området BFF21 er synt i plankartet utan tomteinndeling. Området skal planleggast heilskapleg, og synast i ein skissert tomteinndelingsplan med teknisk infrastruktur og utnyttingsgrad på tomtene. Forslagsstillar/utbyggjar har høve til å utparsellere tomter/sette grenser etter kvart som teigen vert bygd ut. Oppdeling av tomter vil skje etter behov og sal. Den enkelte tomt byggjemeldast og tomt fradelast parallelt. Situasjonsplan for kvar enkelt tomt må syne avstand til planlagt tomtegrense.
- Maksimal mønehøgde ~~eller gesimshøgde~~ målt frå ~~over~~ OKGolv skal ikkje vera over ~~11 m~~ 6 m. Takkonstruksjonen skal vera saltak. ~~er høve til å nytta sal, pult eller flatt tak.~~
- ~~Det er høve til å etablere underetasje med parkeringsanlegg, under eller inntil bueningane.~~
- ~~Det skal utarbeidast samla dokumentasjon for samla busetnad ved søknad om rammeløyve i teigen.~~
- ~~Utnyttingsgraden i BKF1 kan vera opptil 2.500 m². Min. BYA 1.000 m².~~

**Grensejustering tomt 12-8, 12-9, 15-1 og 15-6, samt flytting av SKV9**


Veg mellom tomt 15-1 og 12-8 utgår til fordel for at arealet blir fordelt på tomt 12-9, 12-8, 15-1 og 15-6. Endringa fører til betre form og storleik, samt at tomtene får betre vegtilkomstar. Ny storleik på tomtene er:

Tomt	Ny storleik (m ²)
12-9	727
12-8	727
15-1	731
15-6	909

Frisktlinja, til vegen som er teke vekk, vert fjerna. Dei 4 tomtene får tilkomst frå SKV9 som vert lagt om og forlenga, samt at frisktlinje vert flytt. Endringane fører til at tomt 12-8, som før var på 572 m², no toler 30% utnyttingsgrad. Kravet om at 1 parkeringsplass skal løysast i bygningskropp kan utgå. Endringane får elles ingen andre konsekvensar i føresegner.



Før



Etter